

**FRÅSEGN FRÅ SOGN OG FJORDANE VENSTRE SITT ÅRSMØTE  
17 – 18. FEBRUAR 2007**

**Til**

**Energi – og miljøkomiteen, Stortinget  
v/ komiteleiar Gunnar Kvasheim**

**Norges Vassdrags – og energidirektorat**

**Olje - og energidepartementet  
Miljøverndepartementet**

**Nye føringar for kabling av høgspennettet.**

Sogn og Fjordane er storprodusent og storeksportør av vasskraft. Overføringslinene vil føre til store inngrep i både urørt natur og i bustadsområder.

Nye liner på 420 kV og 132kV er planlagd på kryss og tvers i fylket. Sogn og Fjordane Venstre krev kostnadane ved ureininga av urørt natur, jord- og skogbruksareal og bandlegging av utviklingsområde må takast med i reknestykket når nye overføringsliner skal byggjast. Miljøomsynet skal vera tungtvegande.

Sogn og Fjordane Venstre krev difor at også overføringsliner opptil 420kV vert lagt i jord eller sjøkabel der miljøomsyn og næringskonflikter tilseier det.

Nye nasjonale retningsliner for overføringsliner må på plass før ein kan starte bygging av overføringslina Ørskog – Fardal. Utbygginga er grunngeve med tunge industribehov, og ein kan ikkje godta at kostnadane ved slike prosjekt vert belasta vanlege straumforbrukarar.